



ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG 27. APRIL 2017

Agenda

1. Val av dirigent
2. Val av sekretær (referent)
3. Val av 2 representantar som saman med leiar skal godkjenne protokollen
4. Årsmelding frå siste år
5. Regnskap med revisors merknad for siste år
6. Innkomne saker:
 - a. Strategiplan NBLF - kort presentasjon v/Geir Thorsen
 - b. Styret ønskjer årsmøte sin meining om forma på medlemsmøta
 - c. PLIVO
7. Val

Etter årsmøtet var det arrangert medlemsmøtet med fagtema. Tema har vore tungredning - tenesta, presentasjon av arbeidet med ny dimensjoneringsforskrift, presentasjon av den nye KLP-avtalen og presentasjon av tur/studierapport RUU tur til USA i august 2016. Eige referat er skrevet.

1. Val av dirigent

Håvard Fiskaa var foreslått som møteleder. Dette vart samrøystes vedteke.

2. Val av referent

William Bernt Ekeli var foreslått som referent. Dette vart samrøystes vedteke.

3. Val av 2 representantar som saman med leiaren skal godkjenne protokollen

To personer vart vald til å skrive under protokollen, og dette var Ole Jonny Flydal (Ålesund brannvesen) og Arne Runar Vik (Ulstein brannvesen).

4. Årsmelding frå siste år

William Bernt Ekeli gjekk gjennom årsmeldinga punkt for punkt. Det vart ein liten skrivefeil som vil verte retta.

Årsmøtet godkjente årsmeldinga med endringane.

5. Regnskap med revisors merknad for siste år

Vidar Bakke gjekk gjennom regnskapet. I 2016 har det vore eit underskot. Revisorane hadde ingen merknader.

Årsmøtet godkjente regnskapet.

6. Innkomne saker

Tre saker har kome inn til styret.

a. Strategiplan NBLF - kort presentasjon v/Geir Thorsen

Med dei endringane som har vore kan ikkje NBLF halde fram med dugnadsarbeid. NBLF må verte meir profesjonelle. Vidare vart det informert om at enkelte kretslag er lite aktive, og styrepraesentantar frå NBLF har reist rundt på besøk



MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

Forslag til tiltak:

- Opprette ein stilling som generalsekretær eller liknande. Uvisst kva prosentstilling vert, men sagt rundt 50 %
- Ny styreform, der kvart kretslag har ein representant
- Det nye styret har ansvar for å ordne med finansane
 - KLP (ny samarbeidspartnar)
 - Gjensidige
 - Pengegåve frå nokre brannvern.

Var nokre spørsmål og diskusjonar:

- Om prosentstillinga og kor stor denne bør vere
- NBLF sitt ansikt utetter. Bør kretslag følgje politidistrikt?
- Kor skal generalsekretæren sitje? Oslo brannvesen har eit ledig kontor
- Representantar i styret
- Økonomi.

b. Styret ønskjer årsmøte sin meining om forma på medlemsmøta

Vidar informerte om saka. Styret ønskjer tilbakemelding frå medlemmane om MRBL bør av og til prøve å arrangere eit større arrangement, som ein konferanse over to dagar. Under diskusjonen kom det meiningar for og i mot å endre på møteforma. Men dei fleste vil halde fram som før. Medlemmar kan kome med innspel til styret også etter årsmøtet.

c. PLIVO

Trygve Lennavik la fram eit spørsmål. Skal PLIVO verte ein flopp eller ikkje? Lennavik saknar rutinar rundt øvingar og møte. Det vart diskusjonar, blant anna at det er vanskeleg å få til noko når det lokale politiet har ansvaret. Men brannverna har fora som kan vere med på påverke. Etter oppmoding frå årsmøtet jobbar det nye styret vidare med saka.

7. Val

Medlem av valkomiteen Geir Thorsen gikk gjennom forslaga:

- | | | |
|---------------|------------------------|-------------------|
| • Leiar | Vidar Bakke | valt (for to år) |
| • Nestleiar | Frank Skorgenes | ikkje på val |
| • Kasserar | Live Margrethe Ganborg | ikkje på val |
| • Sekretær | Hege Leite | valt (for to år) |
| • Styremedlem | Steinar Hauglum | ikkje på val |
| • 1. vara | Øystein Bjørkavåg | valt (for eit år) |
| • 2. vara | Stian Farstad | valt (for eit år) |

Revisorar:

Robert Svanemyr
Håvard Fiskaa

valt (for eit år)
valt (for eit år)

Årsmøtet valde samrøystes valkomiteen sitt forslag.



MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

Valkomit :

Det nye styret lager forslag til ny valnemnd ved f rste styrem te.

Dato og underskrift:

Ole Jonny Flydal

Ole Jonny Flydal
( lesund brannvesen)

Arne Runar Vik

Arne Runar Vik
(Ulstein brannvesen)

Vidar Bakke

Vidar Bakke
( lesund brannvesen)